

**Notat**Dato: 18.05.2017  
Arkivsak: 2016/33942-4  
Saksbehandlar: marvirk**Notat - Samanlikning av ulike modellar og innspel frå skulane**

Viser til saksprotokoll i utval for opplæring og helse 09.05.2017 der administrasjonen vart beden om å kome tilbake med eit notat der ein samanliknar modell 3, 5 og 7 med tanke på korleis dei ulike modellane kan slå ut på eit representativt utval av dei vidaregåande skulane i Hordaland, og dessutan gje eit innblikk i kva omsyn skulane sjølv meiner er viktige å få med i ein ny budsjettmodell.

I samband med utarbeiding av ny budsjettmodell er det gjennomført regionvise samlingar med rektorar og administrasjonsleiarar ved skulane. Oppsummeringa frå desse møta ligg vedlagt.

Basert på følgande kriterium er 6 skular valt ut som eit representativt utval:

1. Tal elevar
2. Tal utdanningsprogram
3. Overkapasitet

Skule	Tal elevar	Tal utdanningsprogram	Overkapasitet pr 3. inntakssomgang 2016
Skule 1	Få	Få	Middels
Skule 2	Få	Middels	Stor
Skule 3	Middels	Mange	Stor
Skule 4	Middels	Få	Middels
Skule 5	Mange	Få	Liten
Skule 6	Mange	Mange	Liten

Innanfor dei ulike kriteria, er skulane delt i tre ulike kategoriar;

- Under 265 elevar er kategorisert som få, mellom 265 og 522 elevar er definert som middels og 523 og fleire er definert som mange elevar.
- 1-3 utdanningsprogram er kategorisert som få, 4-5 utdanningsprogram som middels og 6-10 som mange.
- Overkapasitet på 0-4,9% er definert som liten, 5-9,9% som middels og frå 10% er definert som stor.

Dei aktuelle modellane har følgande hovudprinsipp:

Modell 3: Hovudsakleg basert på *klassar*, pluss særskilde tilskot

Modell 5: Hovudsakleg basert på ein *kombinasjon av elevtal og klassar*, pluss særskilde tilskot

Modell 7: Basert på ein *kombinasjon av elevtal og utdanningsprogram*, pluss særskilde tilskot (dagens modell).

Med modell 3 vil skulane få ei fast finansiering pr klasse som vert vedteke sett i gang, avhengig av utdanningsprogram. Finansieringa vil vere den same uansett om det er få eller mange elevar i klassen. Modell 5 vil derimot gje ei grunnfinansiering til alle klassar som vert vedteke sett i gang, og i tillegg gje ein mindre sum pr elev over 85% kapasitetsutnytting som insentiv for å fylle opp klassane. Dagens modell (modell 7) gjev finansiering pr elev i tillegg til ein botnsum pr utdanningsprogram. Botnsummen pr utdanningsprogram er uavhengig av tal klassar på det aktuelle utdanningsprogrammet, og fungerer på den måten som ein kompensasjon for skular med få klassar pr utdanningsprogram.

I 2016 var det modell 7 som var den gjeldande budsjettmodellen. Årsresultatet i 2016 var som følgjer:

Skule	Resultat 2016
Skule 1	Meirforbruk
Skule 2	Meirforbruk
Skule 3	Meirforbruk
Skule 4	Meirforbruk
Skule 5	Mindreforbruk
Skule 6	Mindreforbruk

Som ein ser av tabellen over, var det berre to skular som hadde mindreforbruk i 2016. Det var skule 5 som har mange elevar, få utdanningsprogram og liten overkapasitet, og skule 6 som har mange elevar, mange utdanningsprogram og liten overkapasitet. Fellesnemnaren for desse skulane er mange elevar og liten overkapasitet.

I arbeidet med ny budsjettmodell har fokuset til no vore på hovudprinsippa, og arbeidet knytt til ytterlegare detaljering og korrigering av dei ulike satsane vil fortsetje fram mot budsjett 2018. Dette gjeld særleg finansieringa av tilrettelagt opplæring og korrigeringsfaktorane knytt til stordriftsfordelar, samt driftssatsane for dei ulike utdanningsprogramma. I modell 5 er elevsatsen førebels ein fast sum uavhengig av utdanningsprogram. Det kan vere mindre avvik mellom tal klassar som er registrert i inntakssystemet og dei som er oppretta på skulane. Ei samanlikning av modellane pr dags dato vil derfor berre gje ein peikepinn på tendensane.

Skule	Endra budsjetttramme ved ein klassebasert modell	Endra budsjetttramme ved ein kombinert modell
Skule 1	+2%	+1%
Skule 2	+1%	+1%
Skule 3	+14%	+13%
Skule 4	+8%	+8%
Skule 5	-9%	-9%
Skule 6	+5%	+4%

Når ein samanliknar med dagens budsjettmodell, kan ein generelt seie at ein klassebasert modell flyttar budsjettmidlar frå skular med høg kapasitetsutnytting til skular med lågare kapasitetsutnytting. Modell 5 reduserer omfanget av budsjettmidlar som vert flytta frå skular med høg kapasitetsutnytting til skular med låg kapasitetsutnytting. Sjølv om det på totalbudsjetta er liten forskjell mellom dei to ulike modellane, kan det for enkelte skular vere snakk om betydelege beløp i differanse. Det er naturleg at skulane tilpassar seg til aktuell budsjettmodell, og insentiv for å fylle opp klassane vil derfor vere tenleg.

Botnsummen pr utdanningsprogram i dagens modell er uavhengig av tal parallellar på utdanningsprogrammet. Denne botnsummen kompenserer dermed skular med få parallellar. Slik modell 3 og 5 ligg føre pr i dag, korrigerer dei i atskillig større grad for stordriftsfordelar enn det som er tilfelle med dagens modell. Dette betyr at skular med fleire parallellar på studiespesialiserande utdanningsprogram og fleire utdanningsprogram ein kan ha stordriftsfordelar med (skular med fleire studieførebuande utdanningsprogram), vil avgje budsjettmidlar til skular med få parallellar og få utdanningsprogram ein kan ha stordriftsfordelar med. Slik modell 3 og 5 er bygd opp pr dags dato, er stordriftsfordelane knytt til dei studieførebuande utdanningsprogramma. Det er naturleg å vurdere om ein også kan leggje inn noko stordriftsfordelar på skular med fleire parallellar på yrkesfaglege utdanningsprogram om ein vel modell 3 eller 5 som framtidig budsjettmodell.

Skule 1 har få elevar fordelt på få utdanningsprogram, middels tal elevar pr utdanningsprogram og middels ledig kapasitet. Skulen har ikkje studieførebuande utdanningsprogram, og dei utrekna stordriftsfordelane i den klassebaserte modellen (modell 3) og den kombinerte modellen (modell 5) har dermed ikkje innverknad på denne skulen. I dagens modell har skulen vore noko negativt korrigert gjennom botnsummen sidan dei har meir enn ein parallell på nokre utdanningsprogram. Ei tilsvarende korrigering er førebels ikkje lagt inn i modell 3 og 5. Skulen har middels oppfylling i klassane, noko som gjer at det er avgrensa kor mykje ledig kapasitet ein vil få kompensert ved overgang til modell 3 eller 5. Skulen har dessutan i eksisterande modell fått eit særskilt tilskot, noko som gjer at dei i dagens modell også er kompensert for blant anna ledig kapasitet. Slik modell 3 og 5 ligg føre pr dags dato, vil ein overgang til modell 3 eller 5 gje ei auka budsjetttramme på 2% ved modell 3 og 1% ved modell 5.

Skule 2 har få elevar fordelt på middels tal utdanningsprogram, få elevar pr utdanningsprogram og stor overkapasitet. Skulen har studieførebuande utdanningsprogram, men på grunn av få parallellar vert ikkje skulen justert for stordriftsfordelar. Skulen har mykje ledig kapasitet. Ei av årsakene til at ein klassebasert modell (modell 3) eller ein kombinert modell (modell 5) ikkje gjev stor positiv endring i budsjettamma, er at skulen i dagens modell (modell 7) er kompensert for få parallellar på studieførebuande utdanningsprogram i tråd med modellen, at botnsummen kompenserer skulen for å berre ha ein parallell pr utdanningsprogram, og dessutan at dei i dagens modell har fått eit særskilt tilskot. Dette gjer at dei i dagens modell er kompensert for blant anna ledig kapasitet og manglande stordriftsfordelar. Ein overgang til modell 3 eller 5 vil gje ei auka budsjetttramme på 1%.

Skule 3 har middels tal elevar fordelt på mange utdanningsprogram, få elevar pr utdanningsprogram og stor overkapasitet. Skulen har mange klassar med ledig kapasitet, noko som gjer at ein klassebasert modell gjev eit positivt utslag på budsjettet. Skulen har studieførebuande utdanningsprogram, men har så få parallellar at dei i ein klassebasert modell eller ein kombinert modell i avgrensa grad vert korrigert for stordriftsfordelar knytt til dette. Skulen vert noko negativt korrigert på grunn av at dei har stordriftsfordelar knytt til fleire studieførebuande utdanningsprogram, men på den andre sida gjer kombinasjonen av tal elevar, tal utdanningsprogram, tal lokasjonar og tal klassar at skulen kjem gunstig ut når det gjeld tildeling av budsjettmidlar til personale som kjem i tillegg til dei personalressursane som går med til direkte undervisning basert på gjeldande fag- og timefordeling. Ein overgang til modell 3 eller 5 vil gje ei auka budsjetttramme på 14% ved modell 3 og 13% ved modell 5. Om ein ser vekk frå budsjett til tilrettelagt opplæring, er endringa noko mindre.

Skule 4 har middels tal elevar fordelt på få utdanningsprogram, middels tal elevar pr utdanningsprogram og middels overkapasitet. Kombinasjonen av tal elevar, tal utdanningsprogram, tal lokasjonar og tal klassar gjer at skulen kjem gunstig ut når det gjeld tildeling av budsjettmidlar til personale som kjem i tillegg til dei personalressursane som går med til direkte undervisning basert på gjeldande fag- og timefordeling. Ein overgang til modell 3 eller 5 vil gje ei auka budsjetttramme på 8%.

Skule 5 har mange elevar fordelt på få utdanningsprogram, mange elevar pr utdanningsprogram og liten overkapasitet. I den klassebaserte modellen er det rekna med stordriftsfordelar på grunn av mange parallellar på studiespesialiserande utdanningsprogram. Kombinasjonen av tal elevar, tal utdanningsprogram, tal lokasjonar og tal klassar gjer at skulen ikkje kjem fordelaktig ut når det gjeld tildeling av budsjettmidlar til personale som kjem i tillegg til dei personalressursane som går med til direkte undervisning basert på gjeldande fag- og timefordeling. Saman med at skulen har liten overkapasitet og at dei i dagens modell har fått ein del særskilde tilskot som ikkje er vidareført i modell 5 og 7, gjer dette at skule 5 vil få redusert budsjetttramme med modell 3 og 5. Ein overgang til modell 3 eller 5 vil gje ein reduksjon i budsjetttramma på 9%.

Skule 6 har mange elevar pr utdanningsprogram (mange elevar og mange utdanningsprogram) og liten overkapasitet. Skulen har stordriftsfordelar knytt til fleire parallellar på studiespesialiserande utdanningsprogram, men ikkje knytt til fleire studieførebuande utdanningsprogram. Mange ulike yrkesfaglege utdanningsprogram med fleire parallellar bidreg likevel til at skulen vil få noko auka budsjetttramme ved ein klassebasert modell og ein kombinert modell. Dette skuldast at ein klassebasert modell eller ein kombinert modell ikkje føreset stordriftsfordelar på yrkesfaglege utdanningsprogram, medan botnsummen i dagens modell er ei slik korrigerings. Ein overgang til modell 3 eller 5 vil gje ei auka budsjetttramme på 5% ved modell 3 og 4% ved modell 5. Om ein ser vekk frå endring knytt til tilrettelagt opplæring, er endringa noko mindre.

Uavhengig av modell vil rektor kunne omdisponere midlar innanfor skulen si totale budsjetttramme.

#### Vedlegg

- 1 Oppsummering frå regionvise samlingar med rektorane og adm.leiarar i samband med ny budsjettmodell